

## TILTAKSSTRATEGI OG LOKALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOTT TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) FOR ETNE KOMMUNE.

### Tidsrom:

Tiltaksstrategien gjeld frå 22.03.22 til 22.03.26

### Overordna planar og målformuleringar:

Overordna planar som ligg til grunn for tiltaksstrategien er:

- Landbruksplan for Etne 2005-2008 med Oversiktsplan for skogbruk (skal reviderast)
- Forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket.  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/FOR-2020-12-21-3044> frå 01.01.2021
- "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket- kommentarer til regelverk": <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/forskrift-om-tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-kommetarer-til-regelverk>
- Hovudplan for skogsvegar i Etne 2013-2015
- Kulturmiljøplan Kommunedelplan for kulturmiljø i Etne kommune 2022 - 2026

Regionalt miljøprogram (RMP) skal koplast opp mot SMIL ved at RMP skal nyttast som eit vedlikehald-skjøtselstilskott og SMIL skal nyttast til restaurering eller utviklingstiltak.

Det er viktig å få til samfinansiering mellom ulike ordningar/etatar for å sikre ei best mogeleg finansiering av ulike tiltak.

### Tematisk prioriteringar av ordningar / tiltak:

- Ved tildeling av SMIL-midlar bør område med mange kulturminne, område som er viktig for turisme og fine kulturlandskap som ligg godt synleg frå EV134 eller andre hovudvegar prioriterast.
- Søkjarar som mottar produksjonstilskott og driv gardsbruk i kommunen bør prioriterast.
- Tiltak som er med på å auke tilgjenge for turgåarar bør prioriterast (t.d. gjerdeklyvarar).
- Ekstraordinære tiltak for å redusere forureining som reduserer t.d. tap av næringsstoff og forureinande utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal, for eller gjødsel bør prioriterast. Sjå: [SMIL-midlar til klima- og forureiningstiltak | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no/tema/SMIL-midlar-til-klima-og-forureiningstiltak)
- Fellestiltak bør prioriterast.
- Tiltak som kan koplast mot tilskott frå «Regionalt miljøprogram» bør prioriterast.
- Det er eit krav at tiltak som gjeld gamal beitemark blir nytta som beite i minst 5 år etter tildeling av tilskott.

### Planlagd aktivitet for auka satsing/ - søknadsmengd osv.:

Gi aktiv informasjon om tilskottsordningane på heimesida og informasjonsavisa til kommune.

### Forventa trong for økonomiske verkemiddel i tidsrommet for strategien:

Ei løyving på ca. 300 000 til 400 000 kroner vil kunne vere høveleg i forhold til historisk aktivitet dei siste åra.

### Etne kommune vedtar følgjande retningslinjer for søknad om SMIL-midlar:

Søknadsfrist for ordninga er i dag 1. mai. Svært viktige tiltak med mange faktorar som talar for ei høg prioritering kan ved særlege grunnar få løyvd midlar før søknadsfristen går ut.

Søknadar som ikkje fell innanfor retningslinene for tilskotsordninga eller av andre relevante grunnar blir lågt prioritert vil kunne få avslag.

Store prosjekt må vurderast delt inn i mindre einingar og/eller spes ut over fleire år.

Alle søknadar må godkjennast før gjennomføring av tiltak. Løyving av midlar til allereie gjennomførte tiltak blir ikkje prioritert.

Kommunen kan setje vilkår for utbetaling av tilskot til kvart einskild tiltak. Vilkåret må stå i forhold til føremålet med tiltaket.

Normalt blir det gitt inntil 3 års arbeidsfrist for SMIL-prosjekt, med høve til å forlenge til 5 år. I prosjekt som ikkje vert gjennomført innan fristen, har kommunen høve til å trekkje attende løyvinga og omdisponere til andre prosjekt i kommunen.

Søknaden skal leggjast inn i Agros via Altinn: [Altinn - Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\)](#)

Ut i frå sakstype kan kommunen stille krav om tilleggsdokumentasjon.

Søklar har klagefrist på 3 veker etter å ha mottatt svar på søknaden. Klageinstans er Statsforvaltaren og klagen skal sendast om kommunen.

TILTAK	EINGONGS-KOSTNAD	MAKS % TILSKOTT av godkjent kostnadoverlag	MERKNAD
Beiterydding	Inntil 1500 kr./dekar	70	Må ha preg av driftsforma tidlegare kulturmark/beite
Gjerde ved beite/kulturmark	Inntil 60 kr./meter	50	Blir løyvd til gode miljøtiltak som fremjar natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap.
Steingard		70	
Tilgjenge og oppleving		70	
Ivareta kulturminne og kulturmiljø		70	
Leplanting, styingstre og andre miljøtiltak		70	
Verneverdige bygg		35	Utvendig restaurering. Ikkje bustadhus.
Planlegging og tilrettelegging		50	
Biologisk mangfold		70	
Handtering av vatn og gjødsel		70	Til tiltak utanom vanleg jordbruksdrift for å redusere erosjon og tap av jord og næringsstoff

## **TILTAKSSTRATEGI OG LOKALE RETNINGSLINER FOR TILSKOTT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE FOR ETNE KOMMUNE:**

Desse retningslinjene er fastsett med heimel i Forskrift om tilskott til tiltak i beiteområde av 4.2.2013, sist endra 1.1.2020: [Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder - Lovdata](#)

Frå 1.1. 2020 vart vedtaksmyndigheita for tilskott til tiltak i beiteområde flytta frå Statsforvaltaren til kommunane.

### **Tidsrom:**

Tiltaksstrategien gjeld frå 22.03.22 til 22.03.26

### **Føremålet**

Føremålet med tilskottet er å legge til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområda.

Beitelaga har fått auka driftsstøtte gjennom organisert beitebruk og kan difor stå for mindre kostnader sjølv. Det vil difor vere naturleg at mindre kostnadskrevjande tiltak vert dekkja av beitelaga sjølv.

### **Krav til søknaden**

Etne kommune har 15. mai som søknadsfrist for Tilskott til beitebruk. Svært viktige tiltak med mange faktorar som talar for ei høg prioritering kan ved særlege grunnar få løyvd midlar før søknadsfristen går ut. Søknaden skal leggjast inn i Agros via Altinn: [Søkeveiledning - Landbruksdirektoratet](#)

Tilskott etter denne forskrifta kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag), som er registrert i einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift og som iverksett investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

For å gi tilskott til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde må desse vere leigt for en periode på høgst 10 år. Det blir ikkje gjeve nytt tilskott til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar.

Søknaden skal innehalde kostnadsoverslag og finansieringsplan. Alle prisar skal vere utan MVA. Dersom mottakar ikkje er mva-registrert, kan avgifta inngå i kostnadsoverslaget.

For faste installasjonar og tiltak som går over annan manns eigendom er det føresett at det er innhenta løyve/inggått avtaler med eigar eller andre som har rettar i det aktuelle beiteområde og som kan tenkast å bli rørt av tiltaket. Ved kontroll kan slik type dokumentasjon krevjast framlagt.

Kommunen kan setje vilkår for utbetaling av tilskot til kvart einskild tiltak. Vilkåret må stå i forhold til føremålet med tiltaket. Ut i frå sakstype kan kommunen stille krav om tilleggsdokumentasjon.

Søknad om tilskott må vere innvilga før tiltaket kan setjast i gong. Løyving av midlar til allereie gjennomførte tiltak blir ikkje prioritert.

## Tematisk prioritering av ordningar / tiltak

Tiltak som fremjar beitebruk i eit område og som elles er i tråd med vilkår i forskrifta blir prioritert. Organiserte beitelag blir prioritert. Einskildføretak blir lågt prioritert. Tiltak som kjem i konflikt med anna lovverk som naturmangfaldlova og kulturminnelova blir det ikkje gitt tilskot til. Søkjarar som mottar produksjonstilskott og driv gardsbruk i kommunen bør prioriterast. Søknadar som ikkje fell innanfor retningslinene for tilskotsordninga eller av andre relevante grunnar blir lågt prioritert vil kunne få avslag. Store prosjekt må vurderast delt inn i mindre einingar og/eller spes ut over fleire år.

TILTAK	Minimum % - maksimum % TILSKOTT av godkjent kostnadsoverslag	MERKNAD
Bruer og klopper	30 - 50	
Gjetarhytter	20- 30	
Sankehegner/skillehagar	30 - 50	
Sperregjerde	30 – 50	
Førebyggjande tiltak mot skårfeste	30 - 50	
Ferister	30 – 50	
Andre faste installasjonar	30 - 50	
Planlegging og tilrettelegging av fellestiltak	Inntil 70 %	
El.overvåkingsutstyr	Inntil 50 %	(Radiobjøller)

Lett omsettelege varar som dronar mv. blir ikkje støtta.

## Timesatsar

For eget arbeid gjeld timesats på kr. 350,- pr. time. For transportkostnader med bil gjeld staten sine satsar. Maskinarbeid følger Maskinringen NLR Rogaland sine satsar.

## Utbetaling av tilskott

Tilskottet blir rekna på bakgrunn av kostnadsoverslaget. Det skal leggast fram dokumentasjon på at tiltaket er utført; kopi av faktura for innkjøpt material/utstyr eller anna utgifter i samband med tiltaket. Timeliste ved eget arbeid. Dokumentasjon kan i tillegg være foto og kart. Det kan søkjast om å få utbetalt deler av tilskottet mot framlagt og godkjent dokumentasjon etter kvart som deler av tiltaket er ferdig. Delutbetalinga (-ar) er avgrensa til 75 % av den totale løyvinga. Sjå § 4 tredje ledd i Forskrift om tilskott til tiltak i beiteområde. For mindre tiltak er det ønskjeleg å ha berre ei utbetaling og det etter at sluttdokumentasjon er levert.

## Planlagt aktivitet for auka satsing/ - søknadsmengd osv.

Gi aktiv informasjon om tilskotsordningane på heimesida og informasjonsavisa til kommune.

## Forventa trong for økonomiske verkemiddel i tidsrommet for strategien

Ei årleg løyving på ca. 100 000 til 140 000 kroner vil kunne vere høveleg i forhold til historisk aktivitet dei siste åra.